

VERDIEN AV EIT GRISELIV

Ein norsk dokumentarfilm har avslørt sider ved norsk svineproduksjon.

Ein kan gjere seg mange tankar om dette, og ein kan spørje: Kva ville våre besteforeldre sagt om dei såg korleis grisane i norske fjøs lever i dag?

Noko har skjedd med norsk landbruk. Norske husstandar bruker ein mindre del av inntekta på mat no enn dei gjorde før, og samstundes har andelen av statsbudsjettet som går til å støtte norsk landbruk falt frå 5-6% til 1%. For å kunne konkurrere på ein marknad som etterspør meir og meir kjøt til ein lågare og lågare pris, har norsk landbruk effektivisert der dei kan. Det betalar dyra prisen for.

I Brennpunkt-dokumentaren på NRK, blir sjåarane teke med inn i norske grisefjøs. Norunn Haugen gjekk undercover i fleire år for å undersøke korleis situasjonen i norske grisefjøs eigentleg er. Verkeligheita var verre enn kva både ho og sjåarane hadde forventa.

Vi såg sjuke dyr som ligg i mange dagar utan å bli behandla eller avliva, hanngrisar som vert kastrert utan tilstrekkeleg smertelindring, grisungar som blir avlidne i strid med lovverk, og vaksne grisar som står i tronge båsar og angrip kvarandre i frustrasjon.

Berre ein av 100 griser får leike seg i søla, slike dyra er skapt til og likar. Medan pris og effektivitet blir vekta høgre enn velferda til dyra, blir resultatet eit system der korkje dyr eller bønder trivst.

Det må løne seg for norske bønder å ha færre dyr og betre dyrevelferd.

Vi må attende til røtene våre. Vi må tilbake til ein produksjonsform som fungerer både for bonden og for dyra.

Jostein Saghaug

Førstekandidat for Miljøpartiet Dei Grøne, Kvinnherad kommune

Natalia Golis

Førstekandidat for Vestland Miljøpartiet Dei Grøne